

---

Vår referanse	2020/51210-1
Dato	15.05.2020
Sakshandsamar	Endre Korsøen
Telefon	917 64 632

---

Stortinget  
Finanskomiteen  
finans@stortinget.no

## Havbruksfondet - Framlegg om endring av fordeling av inntektene i revidert nasjonalbudsjett 2020

*Vestland fylkeskommune ber finanskomiteen om ikkje å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyve slik framlegget er i revidert nasjonalbudsjett.*

I Regjeringa sitt forslag til revidert statsbudsjettet for 2020 skal det innførast ei produksjonsavgift på laks, aure og regnbogeaure. Inntektene frå avgifta skal fordelast til havbrukskommunane og fylkeskommunane. Produksjonsavgifta er foreslått til 40 øre per kilo produsert fisk er. Det vil gje ei årleg innbetaling på om lag 500 millionar til kommunar og fylkeskommunar, og vere ei stabil inntekt.

Samstundes er det forslag om å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyver. Frå 2017 har midlane vore fordelt etter ein fordelingsnøkkel der kommunar og fylkeskommunar har fått tildelt 80 prosent og staten 20 prosent av midlane. No føreslår regjeringa å endre fordelingsnøkkelen slik at 75 prosent skal gå til staten og 25 prosent til kommunar og fylkeskommunar.

Dette meiner Vestland fylkeskommune er å ta ressursar frå distriktskommunar som legg ned arbeid i tilrettelegging for akvakultur for å sikre vekst i ei næring som bidrar med store verdiar til nasjonen. Det er ikkje rett å om fordele desse midlane frå kommunane til staten i ei tid der det er særst viktig at kommunane legg godt til rette for ei berekraftig havbruksnæring. Kommunane si fremste oppgåve er å legge til rette for egna areal for produksjon. Kostnadane med planlegging er aukande på grunn av krav til utgreiingar.

Vestland fylkeskommune ber finanskomiteen om ikkje å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyve slik framlegget er i revidert nasjonalbudsjett.

Vi har av omsyn til tid ikkje hatt ei formell politisk handsaming. Men hovudutvalet for næring hadde møte 14.05.2020, og bad administrasjonen om å følgje opp saka.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Endre Høgalmen  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*